



Hardanger Ungdomsråd



Hardanger

**MØTEBOK  
Rådsmøte i Hardanger Ungdomsråd**

**Stad: Norheimsund Industrier**

**Den 14.02.13**

**Kl. 09.30-14.30**

**Til stades:**

Odda kommune:	Ungdomsrådsleiar Emil Tomasdard
Eid fjord kommune:	Ungdomsrådsleiar Karoline Hauge Stalheim
Ulvik herad:	Ungdomsrådsleiar Sjur S Gravning
Jondal kommune:	Ungdomsrådsleiar Otto Galtung
Kvam herad:	Ungdomsrådsleiar Magnus Torvik
Ullensvang herad:	Ungdomsrådsleiar Andreas Kråkevik
Granvin herad:	Ungdomsrådsleiar Aleksander Kalsaas
Hardangerrådet:	Konsulent Therese Wettler

**Agenda:**

09.30 Frammøte

10.00 Presentasjon av ungdomsråda sine saker og diskusjon om UTFLUKT

12.00 Lunsj

12.30 Besøk av Øyvind Sollesnes (Fonnafest) og Styrk Egil Andersen (Riss)

14.30 Møte slut

**Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.**

**Til sakshandsaming i ungdomsrådet:**

## **Oppsummering av Finsehelg**

9-10 mars var Otto, Karoline, Sjur, Magnus, Ida, Therese og Trude på Finse. Der vart it preliminært program for italienarna sitt besøk 17-23 juni i Hardanger laga. Demokratigjengen og HU skal møtast den 21. mars i Odda neste gong. Møta begynner med middag kl. 16.00. Plass for møta er ikkje bestemt.

## **HU-Sak 6/13 Presentasjon frå den einskilde kommune/herad sine ungdomsråd og saker dei arbeider med.**

**Jondal:** På det sista møtet i januar delte dei ut oppgåver for aktivitetshelg og snakka om Utfluktskonsert sin den 15.03.13. Dei diskuterte og kva dei skal gjera i 2013.

**Kvam:** Kvam ungdomsråd skal sannsynligvis ha sitt fyrste møte i mars. Magnus har arbeida med marknadsføringsplanen til aktivitetshelga.

**Ulvik:** I Ulvik har rådet sett å ein ny plass å ha ungdomsklubben. Dei har diskutert mogelighetene for å laga ein *Paintball*-klubb.

**Ullensvang:** I Ullensvang har dei arbeida med Utfluktskonserten sin. På møtet i morgen (15.02.13) skal dei begynne å arbeide med arbeidsoppgåver på aktivitetshelga.

**Granvin:** I Granvin skal dei laga eit volleyball-lag og ein konsert til sommaren. Dei har og arrangert eit Ringenes Herre maraton.

**Odda:** Rådet i Odda har gått igjennom vedtekten på sitt siste møte. Dei planlagde eit ope møte og snakkande om Utflukt.

**Eidhfjord:** I Eidhfjord har rådet bestemt at dei skal arrangere eit LAN. Dei har og planlagt eit arbeidsmøte or å laga eit forslag på kva som kan endrast på områda ved fritidsklubben.

## **HU-Sak 8/13**

## **Aktivitetshelg**

### **Saka gjeld:**

På møtet Ulvik så fordelte rådet oppgåver mellom seg som skulle vera gjort til møte i Kvam den 14.02.13 på følgjande måte:

- **Aktivitetar: Ulvik og Odda**

Ulvik har vore i kontakt med Odda **paintball**-klubb. Området som det skal spelast paintball på må vera flatt å me må fiksa sikkerheitsnett (klubben har ikkje noko) og det trengs ein gjeng som kan hjelpe til å rigga paintball.

**Fonna skisenter:** Eit dagskort kostar kr. 350,- og gruppepris er kr. 280,- per person. HU meinar at deltakarane sjølve må betala leige av utstyr. Me må og gje beskjed til skibussen om at me kjem.

Odda skal sjekka opp i alternativ for **foto og media** aktivitetar.

**LAN:** Mogeligheta til å låna utstyr frå Ullensvang diskuterast.

**Brevandring:** HU meinar at denne aktivitet kostar for mykje og at me ikkje skal tilby den.

- **Marknadsføring: Kvam**

**Tidsfrister:** Facebook-eventet skal sleppas på møta i Odda den 21. mars (Aleksander skal laga teksten til dette). Då byrja påmeldinga. Påmeldingsfrist er 20. mai. Det skal og vera ein film på eventet frå forrige aktivitetshelg. Øyvind set saman ein video. Plakatane bør vera klara i midten av april og skal fordelast mellom råda på møta den 25. april.

- *Therese skal skriva ein artikkel til Eidfjordnytt om aktivitetshelga*
- *Emil lagar ein "hashtag" or aktivitetshelgen.*
- *Karoline og Magnus skal laga eit forslag til powerpoint som me skal visa på skulane.*
- *Kven skal laga plakat til aktivitetshelga?*
- *Me kan laga ein vegg med informasjon av kva sponsorar helgen har.*

- **Transport, mat og losji: Jondal**

Sendt mail til Skyss og avventar svar. Jondal skal og undersøka kva mat me skal ha og kven det er som skal laga den.

- **Sponsring/ økonomi: Eidfjord**

Karoline las opp kva sponsorar Fonnafest har fått. Me skal søkja SPV og kulturmidlar frå Hardanger kulturråd.

Fiskeoppdrett, Isklar, Tine, matbutikker i Odda eller andre store industrier der. Me skal tilby de mogeligheta å reklamere for seg sjølve på arrangementet.

Søknaden til kommunane skal sendast ut frå "posthardanger- mailen".

- **Påmelding/aktivitetsfordeling: Granvin**

Det har vorte å laga ei e-post adresse. Mulighetene at ha påmelding gjennom Fonnafest heimsida vert diskutert.

- **Vakter: Ullensvang**

Ullensvang skal ha møte i morgen (15/2). Dei skal bruka same system som Fonnafest og utifrå det laga eit vaktssjema for aktivitetshelga. Dei skal også laga instruksar for vaktene.

### **Orientering av Øyvind**

Disse er temagruppa som kjem til å vera på Fonnafest seminar;

- *Artist/booking*
- *Vakt*
- *Mat og forpleiningsansvarlig, til artistar og sal*
- *Område og tryggleiksansvarlig*
- *Marknadsføring*

Det er Sjurre Brekke som er ansvarlig for heimsida. HU ynskjer å bruka same domene som Fonnafest.

### **HU-sak 9/13 Ny logo for HU**

HU har vedtatt at ein logo for HU skal lagast. Styrk Egil Andersen frå Riss er invitert til møtet for å hjelpe HU å aga ein logo. Ein logo handlar om kommunikasjon og identitet.

Han meinar at me ikkje bør ha meir enn tre forslag som me vurderer, og dei bør ikkje vera or like kvarandre. Me bør og fundera på kva farger me vil ha. Det kostar ikkje ekstra for farge.. Logoen skal også fungere i svart/kvitt

Andersen meinar og at HU bør ha eit slagord, slogan. For å finna inspirasjon til denne, og logo, kan man sjå på andre ungdomsorganisasjonar. Spørsmålet er; Kven er me?

Seinast 1. mars skal HU senda forslag til slogan til Riss.

### **Diskusjon om idear til logo og slogan**

Til eksempel så kunde logoen vera ein bilde av Hardanger med strekk mellom kommunane.

Ungdom i Hardanger skal samlast! Tillhøyrigkeit og samarbeid er viktig. Fritt, uavhengige, møteplass, tradisjonar, Hardanger, ungdom, saman for framtida, dans.

### **HU-Sak 7/13**

### **Utflykt**

#### **Diskusjon:**

I Eidfjord er det mogeleg å få lys og lyd billigare gjennom kulturskulen og i Odda er det og mogeleg å leiga lyd og lys på plass.

Andreas fortalte om sin erfaring frå konserten i Ullensvang. Det var ca. 70 besøkande på konserten det var flest ungdommar, men og foreldre i publikum. Dei hadde ein minibuss for transport frå og til ferja. Ungdomsrådet søkte om tilskot på kr. 10.000 frå heradet til lys og lyd. Andre kostnader som oppstod var for eksempel mat til bandet.

HU meinar at konsertane kostar for mykje og at dei ikkje har tid at setja av så mykje tid til den tid frå arrangementet som det krev.

Mogelighetene snakka med bluesklubben i Odda å la over konsertturneen vart diskutert. Det kan også vera aktuelt med andre lokale arrangørar.

**Vedtak:**

HU skal trekka seg frå å vera arrangør av haussturneen.

Møteboka 14.02.2013 i Hardanger Ungdomsråd er godkjent og signert av:

Ungdomsrådsleiar .....

Ungdomsrådsleiar .....